



Arkivnr: 2016/34691-3

Saksbehandlar: Gudrun Mathisen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		15.02.2017
Fylkesutvalet		22.02.2017

## Forslag til endringar i vannressursloven og jordlova. Fråsegn

### Samandrag

OED har sendt på høyring forslag til revisjon av vannressursloven og jordlova.

Vannressursloven vert endra på fire område:

- Same vern av laks som i lakse- og innvannsfiskeloven
- Endringar om konsesjonsplikt, aktsemdplikt og forvaltaransvar for grunnvatn
- Endra bestemningar om retting
- Overføring av myndigheit for kraftverk under 1 MW til kommunane.

Jordlova vert endra ved at forbod mot omdisponering og krav til samtykke for deling ikkje skal gjelde tiltak med konsesjon etter energi- og vassdragslovgjevinga.

Fylkeskommunen har frå 2010 mynde i kraftsaker under 1 MW. M.a. utbygging i verna vassdrag er unnateke og ligg framleis til NVE. Kraftsakene vert stendig meir konfliktfylte, og auka utbyggingskostnader og låg kraftpris gjer at talet på søknader har gått ned. Forslaget om overføring til kommunane er m.a. ei oppfølging av Kommunereforma med meir makt og myndigheit til kommunane.

Fylkesrådmannen meiner at talet på kraftsaker som kan overførast til kommunane vil verte få, men vil krevje tid og ressursar å handsame. Det vil verte betre ressursbruk og meir effektivt å overføre myndigheita til dei nye regionane.

### Forslag til innstilling

1. Fylkeskommunen har sidan 2010 hatt vedtaksmyndigheit i kraftsaker under 1 MW, men med ei rekkje unntak. Forslaget om å overføre denne type saker til kommunane vil framleis ha mange unntak, og sakene vil vere få, men stadig meir konfliktfylte. Det vil vere betre ressursbruk og meir effektivt å handsame sakene regionalt. Fylkesutvalet går inn for at myndigheita framleis skal vere hjå fylkeskommunane.
2. Fylkesutvalet meiner at OED må utgreie å overføre større myndigheit for kraftsaker under 1 MW til dei nye regionane. Dei vil ha den nødvendige kompetansen til å behandle fleire type søknader. Fylkesutvalet ber om at OED utset endring av vannressursloven på dette punktet til regionreforma er vedtatt. Dei nye regionane bør få fleire, ikkje færre oppgåver.
3. Fylkesutvalet har ingen merknader til dei andre forslaga til endringar i Vannressursloven.
4. Fylkesutvalet har ingen merknader til forslag til endringar i Jordlova.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Høring - forslag til endringer i vannressursloven og jordlova
- 2 Høringsnotat - endringer i vannressursloven
- 3 Høringsnotat - endringer i jordlova

## Fylkesrådmannen, 17.01.2017

Olje- og energidepartementet (OED) har sendt på høyring forslag til revisjon av lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven) og lov om jord (jordlova).

Høyringsfrist er 10. februar 2017. Hordaland fylkeskommune har fått utsett frist til 28. februar, under føresetnad av at fylkesrådmannen si innstilling vert sendt OED når den er klar.

Det vert her berre omtalt og kommentert avsnitt og forslag av særskilt interesse for fylkeskommunen. Nummereringa av avsnitta er den same som i høyringsnotata frå OED.

## Forslag til endringar i lov 24. november 2000 nr. 82 om erverv av vassdrag og grunnvatn (vannressursloven)

### 1 Hovudinnhald

OED føreslår endringar på 4 område i loven:

- å lovfeste same bestemming som i lakse- og innlandsfiskeloven om særleg vern av laksen ved tiltak i vassdrag.
- endringar om konsesjonsplikt, aktsomheitsplikt og forvaltaransvar for grunnvatn. Det er behov for eit regelverk som er tilpassa den auka aktiviteten på grunnvatn. Det er framlegg om ei tilsvarande regulering som for vassdrag og mindre endringar for at reglane skal bli mest muleg lik for vassdrag og grunnvatn.
- å endre vannressursloven si bestemming om retting, presisere at vassdragsmyndigheita kan pålegge retting når ein konstaterer forhold i strid med loven eller vedtak i medhald av loven.
- endringar i vannressursloven som gir kommunane myndigheit til å fatte vedtak om konsesjon til vasskraftverk med inntil 1 MW installert effekt.

### 2 Nasjonale laksevassdrag og laksefjordar

Lakse- og innlandsfiskeloven lovfester det vernet som Stortinget har vedtatt om nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjordar. Det er vedteke at vernet også skal lovfestast gjennom tilsvarande endring i vannressursloven. Bestemminga gjeld «når det treffes vedtak» og kjem i kapitlet om verna vassdrag.

### 3 Bestemmingar om grunnvatn

Med aukande bruk av grunnvarme som alternativ energikjelde er det behov for å klargjere spørsmål om konsesjonsplikt og for ei aktsemdplikt for grunnvasstiltak.

Grunnvatn er det vatnet som finst i bakken og som fyller porar og sprekkar i lausmassar og fjell (*den metta sona i grunnen*). Overflata vert kalla grunnvasspeglet og dannar grensa mot umetta sone (markvassona). Samanlikna med dei fleste land i Europa har Noreg mange og små grunnvassførekomstar. Det er gode mulegheiter for å skaffe grunnvatn som vassforsyning til enkelthus og små vassforsyningsanlegg (uttak på 1-10 m<sup>3</sup>/døgn). Grunnvatn i fjell er tilgjengeleg over store delar av landet, og kan dekke drikkevassbehovet til små brukseiningar. For større vassforsyningar er som regel overflatevatn billigare å utnytte som vasskjelde. Grunnvatn frå lausmassar er likevel også brukt i offentleg vassforsyning.

Førekomstar der det er muleg å ta ut meir grunnvatn enn 10 m<sup>3</sup>/døgn vert registrerte som viktige. 84 prosent av dei består av sorterte lausmassar som brelv-, elve-, bresjø- og vindavsetningar.

Med aukande press på grunnvassressursane er det viktig at grunnvatnet vert forvalta berekraftig. Forslag om å lovfeste ei aktsemdplikt for grunnvatnet (som for vassdrag) vil t.d. gjelde for plassering av brønn for grunnvarme.

### 3.4 Avgrensingar i rådigheit og konsesjonsplikt for grunnvasstiltak

Vannressursloven har ein absolutt skranke at uttaket skal avgrensast til det grunnvassmagasinet tåler. Uttak av grunnvatn innanfor tålegrensa er konsesjonspliktig. Grunneigar kan konsesjonsfritt ta ut vatn til hushald og husdyr. OED meiner reguleringa av grunnvassuttak og grunnvasspåverknad bør sjåast i samanheng. Konsesjonsplikta si grense bør utformast som eit verknadskriterium etter mønster av reguleringa for vassdragstiltak.

OED legg til grunn tall frå EU sitt drikkevassdirektiv for berekning av vassforbruket. Ein person treng om lag 200 liter vatn per døgn til vanleg bruk. Med 5 personar per husstand vil eit gjennomsnittleg uttak på 1,15 l/s (tilsvarande 100 m<sup>3</sup>/d) forsyne om lag 100 bueiningar eller hytter.

OED føreslår grense for meldeplikt for grunnvassuttak og infiltrasjon på 100 m<sup>3</sup>/døgn. Meldeplikta gjeld også der fleire brønner må sjåast under eitt og har verknader for same akvifer, og med samla uttak over 100 m<sup>3</sup>/døgn. (Akvifer = geologisk formasjon i grunnen, bergart eller sediment, med stort innhald av grunnvatn.)

## **4 Pålegg om retting**

OED føreslår å utvide heimelen om retting slik at vassdragsmyndigheita kan gi pålegg om retting av forhold i strid med loven eller vedtak i medhald av loven.

## **5 Overføring av myndigheit for mindre vasskraftsaker til kommunane**

I Energimeldinga (Meld. St. 25 (2015-2016) *Kraft til endring*) vart det varsla at OED har starta eit lovarbeid for å innføre ein heimel i vannressursloven som gir kommunane myndigheit til å gi utbyggingsløyve til mindre vasskraftverk. Overføring av myndigheit følgjer opp Meld.St.14 (2014-2015) *Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner*, med mål å overføre meir makt og myndigheit til kommunane i takt med arbeidet for å etablere større og meir robuste kommunar.

### 5.2 Gjeldande rett

I vedtak av 07.12.2009 vart fylkeskommunen delegert vedtaksmyndigheit for kraftverk inntil 1 MW med nærare bestemte unntak.

### 5.3 Sakstilfang og forventa søknadsmengde

I perioden 2005-2015 har NVE behandla 784 søknader om små vasskraftverk. Av desse har fylkeskommunane fatta vedtak i 13 saker (etter 2010) og NVE vedtak i 77 saker under 1 MW.

Interessa for å bygge små kraftverk har sidan 2013 vorte mindre. Forklaring er auka utbyggingskostnader, lågare straumprisar og meir konfliktfylte prosjekt. Attverande potensial for vasskraft under 10 MW er om lag 6,6 TWh/år med ei øvre investeringsgrense på 5 kr/kWh. Av dette er 84 GWh/år (1,3 % av potensialet) prosjekt med installert effekt under 1 MW, fordelt på 40 prosjekt.

Dersom investeringsgrensa vert heva til 7,5 kr/kWh er potensialet under 1 MW om lag 2,3 TWh/år, eller 1000 mulege prosjekt. Dei fleste mindre kraftverka som realiserast i dag har ein kostnad under 6 kr/kWh. Gjennomsnittleg utbyggingspris på kraftverk dei seinare åra er 4-5 kr/kWh. Utbyggingsprisen har gått jamt oppover, og det er NVE si oppfatning at majoriteten av dei beste prosjekta, både kva gjeld økonomi og konfliktgrad, allereie er konsesjonsgitt og/eller bygd.

### 5.4 Saksbehandlinga i NVE

Alle små vasskraftverk vert i dag konsesjonsbehandla av NVE. I saker kor OED eller fylkeskommunen har vedtaksmyndigheit utarbeider NVE ei innstilling som grunnlag for behandlinga.

Konsesjon følgjast opp med detaljerte planar for tryggleik og for landskap og miljø. NVE følgjer opp at konsesjonsvilkåra vert overhalde, og at utbygging ikkje startar før detaljplan er godkjent. Det er ikkje kompetansekrav eller godkjenningsordning for personell som står for planlegging og oppfølging av miljø og landskap ved vassdragsanlegga.

Ved overføring av myndigheit til kommunane for utbygging av mindre kraftverk, må det avklarast kven som skal føre tilsyn med at utbygginga skjer i samsvar med konsesjonen. NVE viser til at tilsyn i byggefasen kan

samanliknast med oppfølging av byggesaker etter plan- og bygningsloven, som i dag gjerast av kommunane for konsesjonsfrie anlegg.

For driftsfasen må det ifølgje NVE vurderast om det er ønskeleg med eit koordinert nasjonalt tilsyn med vasskraftanlegg eller om kommunane skal byggje opp eit parallelt system. Sidan NVE fortsatt vil ha eit tilsyns- og kontrollapparat, vil det vere muleg å la driftstilsynet verte ivareteke av NVE, også for anlegg som kommunane har konsesjonsmyndigheit for.

### 5.5 Kompetanse og rettleiingsmateriale

NVE har tilsette med høgare utdanning på fagfelt sentralt for konsesjonsbehandlninga. NVE har ein breiddekompetanse som det ikkje er muleg å byggje opp i den enkelte kommune.

NVE har påpeikt at sjølv om kommunane er arealplan- og byggesaksmyndigheit og i stor grad har ansvar for vassforsyning, skogbruk og landbruk, vil saksbehandlning av små kraftverk vere ei ny arbeidsoppgåve som inneber behov for fagkompetanse som det ikkje kan forventast at kommunane innehar i dag. Det er NVE sitt inntrykk at kommunane sin kompetanse om vassdragstiltak er variabel og i stor grad avhengig av enkeltpersonar sin kunnskap.

### 5.6 NVE sine erfaringar med delegering av konsesjonsmyndigheit til fylkeskommunane

Frå 1.1.2010 vart konsesjonsmyndigheita for kraftutbyggingar under 1 MW delegert til fylkeskommunane. Konsesjonspliktige søknader er først og fremst saker med konfliktpotensial med allmenne interesser.

Unntatt frå delegeringa er

- prosjekt i verna vassdrag,
- prosjekt som saman med andre kraftverk i same vassdrag overstig 1 MW,
- prosjekt som kan vere til hinder for gjennomføring av større prosjekt med regulerbar vasskraft og betre ressursutnytting,
- prosjekt som kombinerast med annan konsesjonspliktig utnytting av vassdraget og
- prosjekt som bør vurderast saman med andre prosjekt av omsyn til sumverknader.

Avgjerslemyndigheita for desse sakene ligg fortsatt til NVE. All førebuaende behandling vert gjort av NVE, som gir innstilling til fylkeskommunane. Sidan 2010 har fylkeskommunane behandla få saker. Ifølgje NVE er saksbehandlingstida i gjennomsnitt vorte om lag 200 dagar lenger enn om NVE hadde hatt avgjerslemyndigheita. Dette heng saman med at NVE i staden for å fatte vedtak direkte, gir ei innstilling til fylkeskommunen som så sluttbehandlar saka.

### 5.7 NVE sitt syn på mulege avgrensingar/rammer for overføringa

- Søknader i verna vassdrag og nasjonale laksevassdrag
- Konkurrerande prosjekt
- Behov for samla vurdering av søknader, inkl. Utbyggingsplaner som vedkjem fleire kommunar, fleire prosjekt i same vassdrag og annan konsesjonspliktig utnytting, t.d. uttak til drikkevatt og akvakulturanlegg.

### 5.8 OED sine vurderingar

OED viser til Energimeldinga og legg til grunn at myndigheit til å gi utbyggingsløyve til mindre vasskraftverk skal overførast til kommunane gjennom ei endring i vannressursloven.

OED viser også til regjeringsplattforma med mål om effektivisering og mål om styrking av lokaldemokratiet. OED viser til Meld.St.14 (2014-2015) Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner: Føremålet med å lovfeste ei overføring av myndigheit er å overføre meir makt og myndigheit til kommunane i takt med arbeidet for å etablere større og meir robuste kommunar.

OED meiner at effektiviseringsomsynet i stor grad er løyst, med fleire saksbehandlarar i NVE og omstrukturering av arbeidsform. Det er også forventa ein reduksjon i sakstilfang. Effektiviseringsvinst er det derfor langt på veg lagt godt til rette for.

#### 5.8.2 Avgrensing - mindre kraftverk

OED føreslår at lovforslaget berre skal omfatte vasskraftverk på inntil 1 MW installert effekt.

#### 5.8.3 Vedtakskompetanse og saksførebuing

Skal myndigheita berre omfatte vedtakskompetansen eller skal den også omfatte saksførebuing?

Ved delegering av myndigheit til fylkeskommunen, vart det bestemt at all førebuaende behandling skal gjerast av NVE sine regionkontor som gir innstilling i saka. NVE har lagt til grunn at dersom kortare saksbehandlingstid skal vere eit moment, bør den førebuaende behandlinga overførast til kommunane.

#### 5.8.4 Avgrensingar

I OED sitt vedtak om å delegere konsesjonsmyndigheit til fylkeskommunen i 2009, vart det satt ei rekke avgrensingar. Fleire av desse bør vidareførast:

- kraftutbygging i verna vassdrag.
- ved konkurrerende prosjekt skal kommunen først fatte vedtak etter at saka er førelagt NVE for uttale. Behov for samla vurdering.
- I Utbyggingsplaner som vedkjem fleire kommunar skal spørsmålet først føreleggjast NVE for uttale.
- Ved fleire mindre prosjekt i same vassdrag: NVE skal framleis skal vere konsesjonsmyndigheit i desse sakene.
- Annan konsesjonspliktig utnytting: ved vassuttak til fleire formål skal kommunen innhente ei vurdering av vassuttaka frå NVE før kommunen fattar vedtak.
- Tilsynet med driftsfasen skal ligge hos NVE, medan kommunen ut frå sin kompetanse i andre plan- og byggesaker overtar ansvaret for tilsyn i byggefasen.

#### 5.8.6 Kompetanseoppbygging

OED sine *Retningslinjer for små vannkraftverk* er eit viktig, men ikkje uttømmende grunnlag for skjønnsutøvinga og vil vere relevante for kommunen si avvegning.

Ved delegeringa av myndigheit til fylkeskommunen vart det gitt meir konkrete rammer for fylkeskommunen si skjønnsutøving og halde seminar om relevant lovverk, gjeldande retningslinjer og forvaltingspraksis med meir. OED legg opp til at det skal gjevast tilsvarande rettleiing ved overføring av myndigheit til kommunane.

OED bør framleis vere klageinstans.

#### 5.10 Økonomiske og administrative konsekvensar

Grensa på inntil 1 MW vil medføre eit avgrensa sakstilfang.

Fylkeskommunen si myndigheit vil bli overført til kommunen.

NVE sitt ansvar for å førebu sakene vert ikkje vidareført når myndigheita vert overført til kommunane.

Kommunane skal byggje opp kompetanse på eit nytt felt.

Saksbehandlingstida vil kunne auke noko. Ein viser til erfaringane med delegering av myndigheit til fylkeskommunane.

#### **Forslag til endringar i lov av 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova)**

OED meiner det er behov for å klårgjere forholdet mellom jordlova og energi- og vassdragslovgivinga.

Forslaget inneber at landbruksinteresser og jordvern skal inngå i samband med behandling av tiltak etter energi- og vassdragslovgivinga. Jordlovmyndigheitene skal dermed ikkje lenger fatte vedtak i desse sakene, men vere høyringsinstans og ha motsegningsrett/klagehøve.

OED føreslår ei endring av jordlova slik at forbodet mot omdisponering og krav til samtykke for deling ikkje skal gjelde for tiltak med konsesjon etter energiloven, vannressursloven eller vassdragsreguleringsloven. I dag er berre vassdragstiltak etter vannressursloven unnateke frå omdisponeringsforbodet i § 9.

Jordvernomsyn i energisaker skal vurderast i konsesjonsbehandlinga på lik linje med alle andre berørte omsyn, utan ei etterfølgande behandling i kommunane. Denne saksbehandlinga gjeld allereie for vassdragstiltak etter vannressursloven. Endringane inneber ingen svekking av jordverninteressene i energisaker etter energiloven og vassdragsreguleringsloven.

#### **Fylkesrådmannen sine merknader**

##### **Ingen merknader til tre av endringane i vannressursloven**

Fylkesmannen vurderer at forslaga som gjeld nasjonale laksevassdrag og laksefjordar, bestemningar om grunnvatn og pålegg om retting vil ha små eller ingen konsekvensar for Hordaland fylkeskommune eller kommunane i Hordaland. Fylkesrådmannen har ingen merknader til dei.

## **Merknad til forslag om overføring av myndighet for mindre vasskraftsaker til kommunane**

Fylkeskommunen fekk i 2010 vedtaksmynde for kraftverk inntil 1 MW, som eit resultat av Forvaltingsreforma. Grunnlaget for OED sitt forslag om å fjerne denne mynden er å finne i Energimeldinga, Kommunereformmeldinga og Regjeringsplattforma. OED syner ikkje til Regionreformmeldinga.

*Energimeldinga*, kap. 15.4.4 Modernisering av vassdragslovgivningen:

« - - Departementet har startet et lovarbeid med sikte på å innføre en hjemmel i vannressursloven som gir kommunene myndighet til å gi utbyggingstillatelse til mindre kraftverk. Det tas sikte på at lovendringsforslagene skal fremmes for Stortinget for behandling våren 2017.»

Hordaland fylkeskommune skreiv 1.6.2016 til Stortinget om nokre konsekvensar for Hordaland ved Energimeldinga (brev 2016/4706-9). Kapittel 15.4 Tiltak for en mer effektiv konsesjonsbehandling var då ikkje kommentert.

*Kommunereformmeldinga*. Kap. 4.8.1 Konsesjonsbehandling av mikro-, mini- og småkraftverk:

« - - Olje- og energidepartementet vil igangsette et lovarbeid våren 2016 med sikte på en overføring av konsesjonsmyndighet for små vannkraftverk til kommunene. De ulike konsekvensene av en slik oppgaveoverføring må belyses nærmere som en del av lovarbeidet. - - »

### Sakstfang

Hordaland fylkeskommune har sidan 2010 handsama til saman 1 søknad om eit kraftverk under 1 MW; Lygre kraftverk i Fusa kommune (FUV-sak 269/13). (Ein søknad i Bergen kommune vart avvist då den galdt annan manns eigedom.) I same periode har NVE handsama ei rekkje søknader om kraftverk under 1 MW. Det er saker som vert omfatta av eit eller fleire unnatak frå delegasjonen til fylkeskommunen, jf. punkt 5.6 over. I perioden 2005-2015 har NVE på landsbasis handsama 77 av 90 saker om vasskraftverk under 1 MW og fylkeskommunane 13 saker.

Av i alt 435 små kraftverk bygd i 2015 var 57 bygd i Hordaland. Det utgjer 13 %. Sogn og Fjordane og Hordaland hadde til saman 29 % av alle bygde småkraftverk i 2015, og 33 % av alle bygde småkraftverk til og med tredje kvartal 2016. Kjelde: NVE Ny kraft: Endelige tillatelser og utbygging.

### Forventa søknadsmengde med attverande potensial og avgrensingar

OED stipulerer at framtidig saksmengde på kraftverk under 1 MW vil vere frå 40 (investeringsgrense på 5 kr/kWh) til 1000 (investeringsgrense på 7,5 kr/kWh). Dersom den geografiske fordelinga held fram som no, kan mengda saker i Hordaland vere 5-6 (låg investeringsgrense) til 130-160 (høg investeringsgrense). For Hordaland og Sogn og Fjordane samla kan talet på saker vere 12 (låg) til 300 (høg).

Med alle avgrensingar og unnataka som OED gjer framlegg om – i verna vassdrag, fleire prosjekt i same vassdrag, vert talet på saker som ikkje lenger skal handsamast av NVE truleg mindre enn halvparten, kanskje færre. Med låg investeringsgrense kan kommunane i Hordaland i verste fall berre få 2-3 saker i alt, og med høg investeringsgrense kanskje 80 saker totalt. For Sogn og Fjordane og Hordaland samla er det snakk om 4-6 saker eller 100 saker. I alle høve er det snakk om utbyggingar over fleire år og i stadig meir konfliktfylte vassdrag.

### Saksbehandlinga

NVE og OED legg opp til at både vedtakskompetanse og saksførebuing i dei aktuelle sakene skal overførast til kommunane. Dette er ei utviding i høve til fylkeskommunane sitt ansvar i dag, som ikkje omfattar saksførebuing.

### Kva inneber saksbehandlinga?

I gjeldande saksbehandlingsregime uttaler NVE seg i medhald av vassressurslova og energilova generelt, og spesielt om hydrologiske tilhøve, teknisk plan, produksjon og kostnader og tilknytning til nett. NVE skal innhente fråsegner frå kommunen på deira ansvarsområde som særleg gjeld kommuneplantilhøve, arealbruk og landbruk, frå Fylkesmannen på deira ansvarsområde inkl. naturmangfaldloven generelt og truga

artar spesielt, frå fylkeskommunen på deira ansvarsområde som særleg gjeld om kulturminne, ikkje-truga artar av vilt og innlandsfisk og vassforskrifta. Hordaland fylkeskommune gir også fråsegn i medhald av Klimaplanen og Regional plan for små vasskraftverk, mellom anna med vekt på landskap. NVE samanfatar fråsegnene og gir innstilling til fylkeskommunen, med framlegg til vilkår.

I Lygre-saka omfattar vilkåra: vass-slepping, bortfall av konsesjon, konsesjonærs ansvar ved anlegg/drift, godkjenning av planar, landskapsmessige tilhøve mm, naturforvaltning, automatisk freda kulturminne, ferdsel mv, tersklar, hydrologiske observasjonar mv, merking av usikker is, etterundersøkingar, luftovermetting, varslingsplikt, kontroll med overhald av vilkår - i alt fjorten paragrafar.

Framlegget til OED går ut på at saksførebuinga skal overførast til kommunane, som då må innhente fråsegner frå Fylkesmannen, fylkeskommunen og NVE, som på si side særleg skal uttale seg i utbyggingsplanar som gjeld fleire kommunar og ved vassuttak til fleire føremål.

#### Kompetanseoppbygging, økonomiske og administrative konsekvensar.

OED legg opp til at det skal haldast seminar for kommunane. OED meiner at dei økonomiske og administrative konsekvensane for kommunane vil bli små. Men NVE må likevel oppretthalde kompetanse på dagens nivå, for å rettleie kommunane og behandle saker over 1 MW.

### **Konklusjon**

#### Myndigheitsoverføring av kraftsaker under 1 MW til kommunane

Konsekvensane for fylkeskommunen er ikkje vurdert av OED. Hordaland fylkeskommune har lang erfaring med energisaker. Fylkeskommunen er kulturminnemynde og vassregionmynde og skal uttale seg til alle kraftsaker uavhengig av storleik. Hordaland fylkeskommune har ein skreddarsydd regional plan for små kraftverk som er nyare og meir målretta enn OED sin «Retningslinjer for små vannkraftverk» frå 2007.

Konsekvensane for kommunane er uklære. Dei få sakene vil verte spreidd på fleire kommunar som kvar for seg vil ha liten erfaring på området.

Fylkesrådmannen fryktar at ei overføring av myndigheit frå høvesvis fylkeskommunen og NVE til kommunane vil koste meir enn det smakar. Overføringa vil ikkje auke makta til kommunane nemneverdig, men vil krevje fagleg innsats på eit arbeidsfelt som kommunane berre sporadisk vil kunne byggje opp kompetanse på. NVE uttaler at dei har ein breiddekompetanse som det ikkje er muleg å byggje opp i den enkelte kommune.

Konfliktgraden i kraftutbyggingssaker aukar, og det vert tid- og ressurskrevjande for urutinerte kommunar å gi ei god saksbehandling.

OED har ikkje vurdert overføring av myndigheit i høve til regionreforma.

Dersom Sogn og Fjordande og Hordaland fylkeskommunar slår seg saman til ein region slik det er intensjon om, kan den nye regionen få om lag ein tredel av alle kraftutbyggingssakene i landet, inklusiv utbygging av kraftverk under 1 MW. Den nye regionen vil ha stor kompetanse og erfaring, og vil vere godt budd på å handsame slike saker. Fylkesrådmannen meiner det vil vere betre ressursbruk og meir effektivt å overføre myndigheita til den nye regionen. OED må utsetje endring av Vannressursloven på dette punktet til regionreforma er vedtatt i Stortinget. Det må då også vurderast å redusere unnataka, slik at saker som vedkjem fleire kommunar og fleire type tiltak i same vassdrag kan overførast frå NVE til dei nye regionane. Dei vil ha den nødvendige kompetansen i slike saker, og NVE sin kapasitet vert avlasta.

#### Andre forslag til endringar

Fylkesrådmannen har ingen merknader til dei andre forslaga til endringar i Vannressursloven.

Fylkesrådmannen har heller ikkje merknader til forslag til endring i Jordlova.